

Likelydande brev til alle fylkeskommunar

Deres ref	Vår ref	Dato
	13/3971-	28.03.2014

### **Den kulturelle spaserstokken 2014**

Vi viser til vårt brev av 10. desember 2013 om administrasjon av Den kulturelle spaserstokken i 2014.

Det er i 2014 avsett 15,4 mill. kroner på budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet til Den kulturelle spaserstokken, som i år blir utbetalt til fylkeskommunane og fordelt vidare til kommunane saman med midlar frå spelemiddeloverskotet til kulturformål.

Vi ber i samband med dette om at fylkeskommunen inviterer alle kommunane i fylket til å søkje om midlar frå Den kulturelle spaserstokken i 2014, til bruk innan utgangen av 2015.

Vedlagt følgjer eit forslag til slikt brev som fylkeskommunen kan ha som utgangspunkt i dialogen med kommunane – jf. tilsvarande invitasjon frå departementet til alle kommunane i fylket, som i 2013 vart sendt med kopi til fylkeskommunen. Det er også lagt ved eit elektronisk søknadsskjema som vi har brukt i tidlegare år, i fall også fylkeskommunen ønsker å bruke dette, med eller utan endringar.

Midlane til kommunane skal fordelast ut frå kvalitative og/eller kvantitative kriterium som kan fastsetjast av den enkelte fylkeskommunen i tråd med overordna formål for ordninga.

Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, blir utvikla innanfor eit mangfold av sjangrar og uttrykk.

Midlane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.

Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som alt er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

Det er kommunane som har høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot. Tiltaka som får støtte skal vere gjennomførde innan 31. desember 2015. Det blir stilt krav om rapportering til fylkeskommunen.

Kulturdepartementet sin del av Den kulturelle spaserstokken 2014 blir fastsett samtidig med Den kulturelle skolesekken, i kongeleg resolusjon mai/juni 2014.

Fylkeskommunane vil då motta tildelingsbrev med nærmare rettleiing om rapportering mv. Det blir lagt til grunn at fylkeskommunane fastset fordelinga av midlane så raskt som mogleg og seinast innan medio oktober 2014.

Med hilsen

Mette Hagen  
Mette Hagen (e.f.)  
seniorrådgiver

Lise Ødegård  
Lise Ødegården  
førstekonsulent

Kopi:  
Helse- og omsorgsdepartementet